

Prosjektet «Godt tilsyn av barnas barnevern»

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder, Buskerud, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Rogaland, Troms og Vestfold har i 2016–2017 hatt eit samarbeid med Forandringfabrikken for å få barn og unge meir involverte i tilsyn. Prosjektet «Godt tilsyn av barnas barnevern» har sett på både tilsyn med barnevernsinstitusjonar, tilsyn med kommunal barneverns-teneste og mot klagebehandling.

Merksemda som har vore retta mot brukarinvolvering i dette prosjektet, har ført til at ho har flytta seg frå spørsmålet om barn og unge kan inkluderaast, til korleis dei kan inkluderaast i tilsyn. Erfaringane frå prosjektet er at brukarinvolvering fører til grundigare og meir treffsikkert tilsyn. Dialogen med barn og unge gir kunnskap om kva tenestene bør betre for at barn og unge skal oppleve trygge og gode barnevernstenester.

Forandringfabrikken har gjennomført samlingar i embeta, og fylkesmannen har stilt spørsmål som dei har ønskt svar på frå barn og unge.

Forandringfabrikken har deretter kontakta barn og unge og lagt fram spørsmåla. Svare er summerte opp og leverte over til embeta. Ei tydeleg tilbakemelding er at barn og unge treng å oppleve at fylkesmannen er oppriktig interessert, og bryr seg, for å vere villig til å dele kunnskapar og erfaringar.

Ved å la barn og unge få medverke har tilsynet fått kunnskap om kva dei som får barnevernstenester, i kommunar

eller på institusjonar, opplever er viktig å kontrollere. I planleggingsfasane før tilsyn har samtalane med barn og ungdom gitt fylkesmannen informasjon som elles ikkje ville ha komme fram. Dette har vore viktig informasjon for å velje rett tema til tilsynet. Under tilsyn har intervju med dei som får barnevernstenester, gitt utvida forståing og auka kunnskap om tenestene.

Ei tilbakemelding frå barn og unge er at fylkesmannen ved institusjonstilsyn må ha samtalar med ungdommane før dei snakkar med leiinga og dei tilsette. Embeta som har teke del i prosjektet, opplyser at denne praksisen fører til at dei får meir informasjon frå ungdommane. No spør fylkesmennene ung-

dommane for eksempel om dei er trygge, om dei opplever at dei vaksne liker dei, om dei vaksne bryr seg, og om dei opplever omsorg og varme – etter forslag frå ungdommane. Desse spørsmåla gir fylkesmannen gode høve til å vurdere om barna og ungdommane får forsvarleg omsorg og behandling. Svare frå

ungdommane er vidare utgangspunktet for intervju med dei tilsette og leiinga.

Mange ungdommar opplever bruken av tvang på barnevernsinstitusjonar som krenkjande og ofte unødvendig. Det å involvere barn og unge har gitt fylkesmannen auka kunnskap om korleis dei opplever bruk av tvang. Fleire embete har konkludert med at det ikkje er forsvarleg å vurdere tvangsepisoden kvar enkelt blir utsett for, utan å

sjå episoden i samanheng med tidlegare tvangsbruk. Ein praksis der fylkesmannen systematisk følgjer med på den totale bruken av tvang på kvar enkelt institusjon og mot kvart enkelt barn, har gitt auka kunnskap og betre høve til evalueringar og dialog med institusjonane. Fleire embete har også opplyst at dei no legg større vekt på å få kunnskap om korleis barn og unge som har vore utsette for tvang, sjølve vurderer tvangen. Tilbakemeldingar frå ungdommane om at dei ofte ikkje kjenner seg igjen i framstillingar som institusjonane gir, har ført til at fylkesmannen oftare hentar inn synspunkt frå ungdommane før dei vurderer tvangsepisodane. Ei følgje av dette er at saksbehandlinga er blitt grundigare.



I planleggingsfasane før tilsyn har samtalane med barn og ungdom gitt fylkesmannen informasjon som elles ikkje ville ha komme fram.”

